

REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING (FINANSREGLEMENT) FOR HEMSEDAL KOMMUNE

Reglementet gjeld for Hemsedal kommune. Reglementet gjeld også for verksemid i kommunale foretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommuneloven §§ 27 og 28. I den grad desse verksemidene har ein eigen finansforvaltning skal denne utøvast i tråd med dette reglementet.

Finansreglementet trer i kraft frå og med 01.11.2012 og skal vedtakast minst éin gong i kvar Kommunestyreperiode, jamfør forskrifa § 2. Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som er vedteke for Hemsedal kommune si finansforvaltning.

1. Føremål:

- Heimel for reglementet er forankra i forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 9. juni 2009, nr 635
- Kommunen skal forvalte sine midlar på ein slik måte at kommunen ivaretok grunnprinsippet i kommunelovens formålsbestemmelse, jamfør kommuneloven § 52.
- Kommunen skal ha fokus på stabilitet og langsiktigkeit gjennom ein låg risikoprofil.
- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpende forpliktelsar, jamfør forskrifa § 3.
- Reglementet skal vera basert på kommunens eigen kunnskap om finansielle marknader og instrumenter, jamfør forskrifa § 3.
- Kommunestyret vel kommunens hovudbank.

2. Rammer og avgrensingar for forvaltninga:

- Kommunens midlar til driftsføremål (herunder ledig likviditet) kan plasserast i Bankinnskot.
- Langsiktige finansielle aktiva er midlar som ikkje er naudsynt for å løyse daglege driftsoppgåver. Desse midlane behandlast i hovudsak som kommunens midlar til driftsformål, men kan også nyttast til utlån i tråd med fondsstatutter og liknande.
- Kommunestyret gjer vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum vise lånebeløp. Låneopptaka skal skje innafor godkjente rammeavtaler og i norske kroner.
- Med utgangspunkt i kommunestyrrets vedtak om låneopptak med angitt makismalt låneopptak, kan rådmann gjennomføre låneopptak ut frå likviditetsbehov, herunder godkjenning av lånevilkår, og for øvrig forvaltning av kommunens innlån etter de retningslinjer som går fram av dette reglement og føresegna i kommuneloven § 50 om lån.

- Rådmann kan inngå fastrenteavtale på inntil 1/3 av langsiktig gjeld på egne investeringar jamfør balansen viss rådmann meiner dette er lønnsamt ifht flytende rente.
- Rådmann kan også ta opp lån til refinansiering av eksisterande langsiktig gjeld, og det skal forhandles om betre vilkår og samle lån.
- Kommunestyret kan fråvike dette reglementet i enkeltsaker.
- Det ligg til rådmannen også følgje opp kommunens finansreglement i samsvar med dei fullmakter som går fram av delegasjonsreglementet.

3. Rapportering

- Finansforskriftens § 6 krevjar minst to rapporteringar i tillegg til og i forbindelse med årsregnskapet.
- Rapporteringa skal innehalde avvikshandtering.

4. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

Konstatering av avvik

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementets rammer skal slikt avvik rapporteras til kommunestyret straks dei er kjent for rådmannen, for behandling av korleis avviket skal lukkes.

Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legger rammer for en finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og reglene i finansforskrifta.

Rådmannen påleggas ansvar for at slik ekstern vurdering innhentas.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne sted ved kvar endring av reglementet og før kommunestyret vedtar nytt, endra finansreglement. I denne samanheng skal det også rapporteras på utført kvalitetssikring av rutinane.